



[John Skogtun har ein lettlesen og omfattande artikkel om barneopplevingane sine i Uskedalen.](#)

Fredag vert sommarnummeret av Uskedalsposten lagt ut for salg på dei vanlege salgsstadene, Lises Krambu, Gros Blomster og Spar Uskedalen. Dette populære bygdebladet som no er inne i sin 13. årgang kjem denne gongen ut med 40 sider. Også denne gongen er det mykje interessant og koseleg stoff for lesarane.



Det er intervju med bilmannen og heidersmannen Peder Ljosnes.

Artikkelen 'Vegen til Uskedalen', forfatta av herøysundaren John Tveit Skogtun, fortel om ein viktig del av vår bygde- og kulturhistorie. Hendingane og skildringane skriv seg frå mange besøk hos slekta i Uskedalen på 1950- og 60-talet. På lettfatteleg og morosam måte skildrar han korleis han opplevde desse turane både då han sat på baggasjeberaren med tanta si, og då han fekk lov til å sykla sjølv. Artikkelen har utgangspunkt i eit kåseri Skogtun hadde på ein kulturkveld i Helgheim for nokre år sidan, og humoren i den munnlege framføringa er teken godt vare på i den skriftlege framstillinga. I tillegg har Tore Mathiesen funne passande biltete og har krydra med dei.

Det er to 100 års-jubilantar i bygda i år, Uskedal helselag og ungdomslagshytta Fjelly, som begge er tema i leiaren. Lagshistoria til helselaget er også godt dekkja med eit utdrag, gjort av Kristian Bringedal, frå lagsoga som Eli Roseth Eik framførte på jubileumsfesten i laget.

Heidermannen og bilmannen Peder Ljosnes er portrettert etter ein samtale med Reidar Myklebust, og vi får gjenoppleva ein artikkel frå Grenda i 1985 om gravhaugane på Haugland. Vi får også møta presten Arne O. Øystese som Kristian Bringedal fekk møta då han var på ferie og Øystese vikarierte som vinterprest ved Sjømannskyrkja på Gran Canaria.

I sommarnummeret er det sokneprest Lina Håland som har forfatta andaktsorda. Ungdomsredaksjonen har som vanleg ein smakstest, og denne gongen får vi høyra dommen deira over surt og søtt snop. Sidan det er sommar og ferietid er midtsidene dekkja av kart over turtilboda i bygda. Ein fin bonus til tilreisande i tillegg til det gode lesestoffet.

Som vanleg har Tore Mthiesen gjort ein svært god jobb i 'setjeriet', og trykk og papir er som vanleg av god kvalitet. Også dette nummeret er trykt hos Kvinnherad Vekst AS.



[Helselaget sitt 100-årsjubileum vert også markert i Uskedalsposten.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.

Foto: Tore Mathiesen, Reidar Myklebust og Thor Inge Døsland.